Kva selskap ein kan gjennomføre forvaltningsrevisjon i avgrensar seg i §80 i kommunelova ved at kontrollutvalet og kommunen sin revisor berre har innsynsrett i selskap som er 100% kommunalt eigde. Det er likevel ikkje til hinder at ein kan be ikkje kommunale eigarar om å få innsynsrett. I aksjeselskap der den kommunale eigardelen er 2/3 eller meir, kan dei kommunale eigarane gjennom vedtektsendring opne for fullt innsyn.

Kontrollutvalet skal i denne saka gje innstilling om plan for selskapskontroll. Kommunestyret gjer vedtak etter innstillinga frå kontrollutvalet.

### Sekretariatet sine vurderingar:

# PLAN

# FOR

# SELSKAPSKONTROLL

# 2012 -2016

Flora kommune

## INNHALDSLISTE


1. **Bakgrunn**

2. **Innhaldet i selskapskontrollen**
   Heimel
   Innsynsrett
   Kva består selskapskontroll i
   Organisasjonsformer for kommunale verksemder
      Kommunale føretak
      Interkommunalt samarbeid
      Interkommunalt samarbeid, eige rettssubjekt
      Vertskommunesamarbeid
      Interkommunalt selskap
      Aksjeselskap(AS)
      AS/ASA – deleigd av kommunale aktørar
      Samvirkeforetak ((SA)
      Stifting
   Val av organisasjonsform

3. **Formålet med selskapskontroll**
      Eigarskapskontroll
      Forvaltningsrevisjon
      Undersøkingar

4. **Kommunen si oppfølging av selskap**
      Eigarskapsstrategi for selskap Flora kommune eig eller er medeigar i.

5. **Gjennomføring, rapportering og oppfølging av kontrollen**
      Gjennomføring – retningsliner
      Rapportering
      Oppfølging


**Vedlegg:**
**Oversikt over selskap Flora kommune eig eller er medeigar i:**

**Dokument ikkje vedlagt:**
**Kommunestyresak 030/12 Rapport om eigarskapskontroll – alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS – Flora kommune.**

## 1. Bakgrunn

Kommunane har i lang tid gjort meir og meir bruk av fristilte organisasjonsmodellar. Denne utviklinga har ført til meir kompleks organisering av den kommunale verksemda. Dette inneber utfordringar når det gjelder styring, og det reiser spørsmål knyta til kontroll og tilsyn.

Kommuneloven kapittel 12 omhandlar internt tilsyn, kontroll og revisjon i kommunar og fylkeskommunar. Kommunal- og regionaldepartementet har laga forskrifter om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar og Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar. Lova og forskriftene inneheld reglar vedkomande kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m.

Kommunal og regionaldepartementet har i Prop. 119 L foreslått ein del endringar i kommunelova som også omfattar kontroll med selskap. Endringsforslaga er innarbeida i plandokumentet.

## 2. Innhaldet i selskapskontrollen

**Heimel**
Heimel for selskapskontroll er kommuneloven (KL) § 77 nr 5, som fastset at kontrollutvalet skal «påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens (...) ineresser i selskaper m.m., jf tilsvarande formulering i § 13 første lekk i forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner (FK). Etter § 13 andre lekk skal det «minst ein gang i valperioden utarbeides plan for gjennomføring av selskapskontroll. Dette skal skje senest innen utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert». Tredje ledd fastset at kommunestyret vedtek planen.

**Innsynsrett**
KF § 13 må sjåast i samanheng med KL § 80 som regulerer kontrollutvalet og den som utfører selskapskontrollen sin innsynsrett i selskap. Kommunal- og regionaldepartementet har foreslått endring i § 80 og den vil då lyde slik:

*« I interkommunale selskaper etter lov 29. januar 1999 nr. 6, i interkommunale styrer etter § 27 og i aksjeselskaper der en kommune eller fylkeskommune alene eller sammen med andre kommuner, fylkeskommuner eller interkommunale selskaper direkte eller indirekte eier alle aksjer,, har kommunens eller fylkeskommunens kontrollutvalg og revisor rett til å kreve de opplysninger som finnes påkrevd for deres kontroll, så vel fra selskapets daglige leder som fra styret og den valgte revisor for selskapet. I den utstrekning det finnes nødvendig, kan kontrollutvalget og kommunens revisor selv foreta undersøkelser i selskapet.*

*Kommunestyret eller fylkestinget kan fastsette regler om kontrollutvalgets og revisors kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskapet og herunder fastsette hvilke dokumenter mv. som skal sendes kommunens eller fylkeskommunens kontrollutvalg og revisor.*

*Kontrollutvalget og kommunens eller fylkeskommunens revisor skal varsles og har rett til å være tilstede på selskapets generalforsamling, samt møter i representantskap og tilsvarende organ.»*

**Kva består selskapskontroll i**
Selskapskontroll kan delast i tre delar, eigarskapskontroll (obligatorisk), forvaltningsrevisjon (frivillig) og undersøkingar (frivillig).

| | |
|---|---|
| **Selskapskontroll (kommuneloven § 77 nr. 5)** | **Obligatorisk eigarskapskontroll:** Kontroll med forvaltinga av kommunens eigarinteresser i selskap. |
| | **Valfri forvaltningsrevisjon:** Systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret eller fylkestinget sine vedtak og føresetnader. |
| | **Undersøkingar** Kommunelova § 80 gir også heimel for at kontrollutvalet og kommunen sin revisor kan gjere undersøkinga. Dette treng då ikkje nødvendigvis vere eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon. |

**Figur 1: Modell som viser kva som inngår i omgrepet selskapskontroll**

I figuren under er skissert ein modell for selskapskontroll:



**Figur 2: Modell for selskapskontroll**

## Organisasjonsformer for kommunale verksemder

Det kan vere ulike **grunnar** til at kommunar opprettar eller går inn i selskap:

- effektivisering av drifta
- klarare ansvarsforhold
- trong for å samarbeide med andre om tenesteproduksjon
- investering med tanke på økonomisk profitt
- investering pga. samfunnsansvar (for eksempel å sikre arbeidsplassar) og/eller for å støtte den tradisjonelle etatsordninga.

Organisasjonsform, lovheimel m.m:

1. **Kommunale føretak.** *KL kap 11.*
   Er eit forvaltningsorgan. Kommunen kan avgjere at utvalde tenestområde kan organiserast som kommunalt foretak. Foretaket er framleis ein del av kommunen.
   Kommunen er eigar og kommunestyret er eigarorgan.
   Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre forvaltningsrevisjon.
   Kontrollutvalet har fullt innsynsrett etter KL § 77 nr 7.
2. **Interkommunalt samarbeid.** *KL § 27.*
   Er eit forvaltningsorgan. To eller fleire kommunar kan opprette eit eige styre til å løyse felles oppgåver.
   Kommunen er eigar og kommunestyret er eigarorgan.
   Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre forvaltningsrevisjon.
   Kontrollutvalet har fullt innsynsrett etter KL § 77 nr 7, dersom det ikkje er eige rettssubjekt.
3. **Interkommunalt samarbeid.** *KL § 27. Eige rettssubjekt*
   To eller fleire kommunar kan opprette eit eige styre til å løyse felles oppgåver. Samarbeidsavtale/vedtektene seier kva fullmakter styret har.
   Kommunen er eigar og styret eigarorgan.
   Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre selskapskontroll (både eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon.
   Kontrollutvalet har fullt innsyn eller KL. § 80 (etter forslag om endring i kommuneloven).
4. **Vertskommunesamarbeid.** *KL §§ 28a, 28b og 28c.*
   Er eit forvaltningsorgan. Ein kommune overlet utføringa av lovpålagde oppgåver til ein vertskommune.
   Kommunen er eigar og kommunestyret er eigarorgan.
   Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre forvaltningsrevisjon.
   Kontrollutvalet har fullt innsynsrett etter KL § 77 nr 7 (Gjeld vertskommunen).
5. **Interkommunalt selskap** (IKS). *IKS- loven.*
   Dette er eit eige rettssubjekt som er regulert av IKS-lova. Eit IKS er eit selskap der berre kommunen kan delta, men det er rettsleg og økonomisk åtskild frå deltakarkommunane.
   Kommunen er eigar. Representantskapet er eigarorgan.
   Kontrollutvalet har generelt tilsyn. Selskapskontroll kan omfatte både eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon.
   Kontrollutvalet har fullt innsyn etter KL § 80.
6. **Aksjeselskap (AS)** – heileigd av kommunale aktørar og. *Aksjeloven.*

Er eige rettssubjekt.
Kommunen er eigar. Generalforsamlinga er eigarorgan.
Kontrollutvalet har generelt tilsyn. Selskapskontroll kan omfatte både eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon.
Kontrollutvalet har fullt innsyn etter KL § 80.

7. **AS/ASA – deleigd av kommunale aktørar.** *Aksjeloven og allmennaksjeloven.*
   Er eige rettssubjekt.
   Kommunen og private aktørar er eigar. Generalforsamlinga er eigarorgan.
   Kontrollutvalet har generelt tilsyn. Selskapskontrollen kan omfatte eigarskapskontroll, og forvaltningsrevisjon etter samtykke om innsyn.
   Innsyn må avtalast eller baserast på opne kjelder.
8. **Samvirkeforetak (SA).** *Samvirkeloven.*
   Er eige rettssubjekt. Samvirkeforetaket er ei samanslutning med hovudføremål å fremje dei økonomiske interessene til medlemmene ved at desse deltek i verksemda til føretaket, som forbrukarar, leverandørar eller liknande.
   Medlemene er eigarar. Årsmøtet er eigarorgan.
   Kontrollutvalet har generelt tilsyn. Selskapskontroll (eigarskapskontroll, og forvaltningsrevisjon etter samtykke om innsyn).
   Innsyn må avtalast eller baserast på opne kjelder.
9. **Stifting.** *Stiftelsesloven.*
   Eige rettssubjekt. Med stifting blir det foreslått at ein formuesverdi er stilt til rådvelde for eit bestemt føremål av ideell, humanitær, kulturell, sosial, utdannings messig, økonomisk eller annan art. Når stiftinga er oppretta, har opprettaren ikkje lenger rådvelde over formuesverdien som er overført stiftinga
   Det er ingen eigarar. Stiftingar er sjølveigande.
   Kontrollutvalet har ingen tilsyn, utan at det er avtala.
   Innsyn må avtalast eller baserast på opne kjelder.

**Val av organisasjonsform**
Kommunal- og regionaldepartementet seier i Kontrollutvalsboka bl.a:
«Organisasjonsform bør veljast med utgangspunkt i kva oppgåver som skal utførast og føremålet kommunen har med selskapsetableringa. Val av organisasjonsform har også konsekvensar for korleis kommunen kan styre og gjennomføre kontroll og tilsyn med selskapa. Dette er viktige omsyn som kommunestyret må tenkje gjennom når dei tek stilling til korleis den kommunale verksemda skal organiserast. Dette er eit tema som også eigarskapsstrategien for kommunen bør omtale.

Kontrollutvalet skal fylgje med på sakene i kommunestyret knytte til etablering av selskap. Og sjå etter om kontroll - og tilsynskonsekvensane er vurderte.»

## 3. Formålet med selskapskontroll

Selskapskontroll er eit midel for å sjå til at forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser fungerer tilfredsstillande i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader og i samsvar med aktuelle lover og reglar.

**Eigarskapskontroll**
Formålet med eigarskapskontroll er å kontrollere om den som utøve kommunen sine eigarinteresser, utøve mynde slik det fastsett i den aktuelle verksemdlova, samt tek i vare kommunen sine interesser i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

Eigarskapskontroll avgrensar seg til ei vurdering av om eigarane har etablert tilfredsstillande ramme for styring, og at verksemda faktisk opererer i tråd med formålet. Ei materiell vurdering av selskapet si organisering, drift og funksjon fell difor utanfor denne kontrollen.

**Forvaltningsrevisjon**
Ved behov kan det også gjennomførast forvaltningsrevisjon av selskap. I eit selskap med statlege eller private eigarinteresser må dette – om ikkje anna er avtala mellom eigarane, skje med utgangspunkt i opne kjelder, fordi innsynsretten etter KL § 80 gjeld.
Formålet med forvaltningsrevisjon vil vere å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Ein slik revisjon vil såleis ha fokus på sjølve aktiviteten og resultat i selskapet.

**Undersøkingar**
Undersøkingar kan også gjennomførast, og kan vere aktuelt dersom det viser seg behov for å sjå på eller sjekke opp i mindre eller spesielle tilhøve utan at ein treng å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon, med ei formelle reglar som då fylgjer. I eit selskap med statlege eller private eigarinteresser må dette – om ikkje anna er avtala mellom eigarane, skje med utgangspunkt i opne kjelder, fordi innsynsretten etter KL § 80 gjeld også her.

## 4. Kommunen si oppfølging av selskap

Ein eigarskapkontroll i eit kommunalt eigd selskap vil vere basert på avtalen mellom kommunen og selskapet, på selskapets vedtekter og kommunen sin strategi i selskapet.

Kontrollen vil også basere seg på lov om interkommunale selskap for IKS, aksjelova for AS eller andre lover gjeldande for det aktuelle selskapet som er gjenstand for selskapskontroll.

Kontrollutvalet gjennomførte i 2010 eigarskapskontroll inn mot Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS.

Kontrollutvalet handsama rapporten i møte 30.11.2010 og gav følgjande tilråding til bystyret:
- Kontrollutvalet viser til rapporten etter eigarskapskontroll i Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS frå SEKOM-sekretariat datert 22.11.2010.
- Det vert vist til konklusjonane og tilrådingane i rapporten.
- Kontrollutvalet viser til Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 15, 2. ledd og sender rapporten over til kommunestyret for handsaming.
- Kontrollutvalet tilrår at Flora kommune lagar ei eigarmelding gjeldande for alle selskap kommunen eig eller er medeigar i.
- Kontrollutvalet tilrår at Flora kommune legg KS Eigarforum sine tilrådingar til grunn for sitt utøvande eigarskap.

Bystyret handsama rapporten i møte 13.03.12 og gjorde følgjande vedtak:
- Saka vert teken til vitande.
- Bystyret ber om at det vert lagt fram ei sak om utarbeiding av eigarskapsmelding, der bystyret får høve til å definere innhald og framdriftsplan.

Dette vedtaket er enno ikkje effektuert.

Det er derfor enno ikkje utarbeidd ei meir formalisert oppfølging av eigarinteresser i selskap Flora kommune eig eller er medeigar i, slik tilrådinga i rapporten indikerte at ein burde gjere.

Ein evt. kontroll må derfor vere basert på dei andre faktorane som er nemnde ovanfor.

## 5. Gjennomføring og rapportering av kontrollen

**Gjennomføring - retningsliner**

1. Kontrollutvalet skal utføre selskapskontroller pålagde av kommunestyret (Gjeld både eigarskapskontroll, forvaltningsrevisjon og undersøkingar).
2. Kontrollutvalet skal sjå til at retningsliner og rutinar for eigarskap og økonomiske engasjement verkar etter føresetnadane.
3. Kontrollutvalet kan sjølv avgjere om dei skal gjennomføre selskapskontrollar. Det er særleg viktig i tilfelle der vedtekne retningsliner og økonomiske engasjement ikkje vert følgt opp.
4. Kontrollutvalet kan ut frå eigne vurderingar sjølv avgjere om det skal utførast forvaltningsrevisjon eller undersøkingar i selskap som lekk i ein selskapskontroll.
5. Kontrollutvalet får fullmakt til å fastsetje kva dokument som skal sendast kontrollutvalet (medlemane og sekretariatet), kommunen sin revisor
6. Kontrollutvalet får fullmakt til samordne utføringa av selskapskontroll med kontrollutval i andre eigarkommunar.
7. Kontrollutvalet kan fråvike fastsette retningsliner om spesielle tilhøve skulle tilseie Det

**Rapportering**

Rapporter etter gjennomført selskapskontroll skal sendast frå utførar til kontrollutvalet. Etter at kontrollutvalet har behandla rapporten skal den sendast til kommunestyret.
Kontrollutvalet rapporterer og om gjennomførte selskapskontrollar og resultatet av desse i si årsmelding.

**Oppfølging**

Kontrollutvalet kan om dei finn det nødvendig foreta etterkontroll av utførte selskapskontrollar, då etter same retningslinene for gjennomføring som kjem fram framom.

# ÅRSREKNESKAP 2011 FLORA KOMMUNE

## Note 5 Aksjar og eigardelar i varig eie (F § 5 nr 5)

| Føretak | | Balanseført verdi 31.12.2011 | 31.12.2010 |
|---|---|---|---|
| 2214103 | KLP eigenkapitalfond | 13 274 464 | 11 846 101 |
| 2216800 | Firdakraft AS | 2 | 2 |
| 2216811 | Sogn og Fjordane Energi AS | 34 868 300 | 34 868 300 |
| 2216820 | Firda Billag AS | 1 447 000 | 1 447 000 |
| 2216842 | Sunnfjordtunnelen AS | 0 | 70 000 |
| 2216843 | Kystvegutvikling AS | 0 | 50 000 |
| 2216845 | Botnaneset Industriselskap AS | 100 000 | 100 000 |
| 2216848 | Flora Næringseigedom AS | 1 000 000 | 1 000 000 |
| 2216850 | Biblioteksentralen AL | 2 400 | 8 |
| 2216853 | Origod AS | 200 000 | 200 000 |
| 2216854 | Rovdefjordbrua | 10 000 | 0 |
| 2217011 | Fjord Travel Marketing A/S | 5 000 | 5 000 |
| 2217015 | Krokane Nærtenester A/S | 100 000 | 100 000 |
| 2217016 | Sogn og Fjordane Gjenvinning | 400 000 | 400 000 |
| 2217020 | Andelar Furuhaugane Barnehage | 999 000 | 999 000 |
| 2217042 | Florø Boligbyggelag | 1 | 1 |
| 2217046 | Ragnarrud Borettslag | 800 | 800 |
| 2217049 | Rognaldsvåg Vassverk | 3 900 | 3 900 |
| 2217051 | A/S Atløy | 5 000 | 5 000 |
| 2217053 | Firdavegen 1 AS | 264 440 | 264 440 |
| 2217056 | Sunlab AS | 167 000 | 167 000 |
| 2217057 | Sunnfjord 2020 AS | 0 | 3 185 |
| 2217058 | Flora Næringshage AS | 210 000 | 210 000 |
| 2217059 | Grovastøylen AS | 204 000 | 204 000 |
| 2217060 | DS Stavenes | 10 000 | 10 000 |
| 2217061 | Visit Fjordkysten AS | 92 000 | 92 000 |
| 2217062 | Kystvegen Måløy-Florø AS | 250 000 | 0 |
| **Sum** | | **53 613 307** | **52 045 737** |

**079/12 OPPFØLGINGSLISTE 8-2012 FLORA**

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
**Dato:** 21.11.2012

| Utval | Dato | Utv.-Saksnr. | Status | Vedtaks-organ |
|---|---|---|---|---|
| Kontrollutval | 30.11.2012 | 079/12 | - | Ja |
| Formannskap | | - | - | |
| Kommunestyre | | - | - | |

**Saksvedlegg.**

- Oppfølgingsliste 8-2012 Flora.

**Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

**Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

- Oppfølgingsliste 8-2012 Flora vert teken til vitande.

**KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:**

Saksutgreiing

**OPPFØLGINGSLISTE 8-2012 FLORA**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

**Innleiing – Kva saka gjeld**

Saksoppfølging.

**Saksopplysningar:**

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 21.11 2012.

Lista vil bli oppdatert fortlaupande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Saker som kontrollutvalet ønskjer nærare utgreiing om eller undersøkt, kan takast opp i møtet for evt. oppføring på lista.

**Sekretariatet sine vurderingar:**

**Oppfølgingsliste 8-2012 – Flora.**

**Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Flora kommune**

I kontrollutvalsmøte 29.02.2008 vedtok kontrollutvalet at det fortlaupande skulle hentast inn status i saker som det har handsama. Dette er andre statusrapport. Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

| Saker som er tekne opp | Dato | Merknad | Status |
|---|---|---|---|
| 011/09 Tiltak - kontrollutvalsarbeid | 31.03.09 | | 31.03.09 Vedtak KU – gjennomfør. Orientering frå etatane, Orientering frå revisor Tilsynsrapportar Tertialrapportar Kvalitetsrapportar vedr Flora. |
| Sak 078/11 Overordna analyse. | 08.12.11 | | 08.12.11 Vedtak KU – Tinge hjå KRYSS. 26.10.12 Brev til Flora kom om å svare kryss 01.11.12 Svar frå Flora. 01.11.12 Svar vidares til kryss. |
| 051/12 Forvaltningsrevisjons-rapport – Sjølvkostberekningar VAR-sektoren | 23.05.12 | Kommunestyret sine merknader til rapporten skal følgjast opp av kontrollutvalet | 23.05.12 Tilråding til bst. 24.05.12 s. bst 04.09.12 Vedtak bst sak 123/12 |
| 058/12 Prosjektrekneskap – sluttrekneskap og sluttrapport prosjekt nr 78634 Gang og sykkelveg Eikefjord etappe 2 | 31.08 | | 31.08.12 Uttale til bst. 03.09.12 s bst 06.11.12 Vedtak bst sak 142/12. |
| 060/12 Oppfølging bystyret sine merknader til rapport eigarskapskontroll Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS – Flora kommune – eigarskapsstrategi. | 31.08 | | 31.08.12 Vedtak KU – Kontrollutvalet ber rådmannen om ei skriftleg orientering om korleis ein ligg an i høve til å effektuere bystyret sitt vedtak i sak 030/12 Rapport om eigarskapskontroll – Alarmsentralen i Sogn og Fjordane IKS – Flora kommune. 05.09 .12Brev frå sekom til Florar kommune. 12.10.12 Purring på svar på brev av 05.09.12 01.11.12 Svar frå kommunen om at arbeidet startar etter budsjettarb. |
| 062/12 Eventuelt | 31.08.12 | | 31.08 Vedtak KU – -I samband med at kontrollutvalet legg fram årsmeldinga til bystyret, bør leiar for kontrollutvalet samstundes gje ei generell orientering om kontrollutvalet sine oppgåver og ansvar, som er utleia av § 77 i kommunelova med tilhøyrande forskrift. |
| 67/12 Godkjenning innkalling og sakliste | 25.10.12 | | 25.10.12 Vedtak KU – Godkjent |
| 68/12 Orientering om og omvising ved Flora ungdomsskule | 25.10.12 | | 25.10.12 Vedtak KU – Info teke til vitande. |
| 69/12 Planar og tiltak mot mobbing ved skulane i Flora | 25.10.12 | | 25.10.12 Vedtak KU – Info teke til vitande. |
| 70/12 Skriv og meldingar | 25.10.12 | | 25.10.12 Vedtak KU – Info teke til vitande. |
| 71/12 Prosjektrekneskap Eikefjord Vasshandsamingsanlegg . straumaggregat – tak | 25.10.12 | | 25.10.12 Uttale til kst. 26.10.12 s. kst. |
| 72/12 Arbeidstidsbestemmelsar – Arbeisretten sin dom av 15. mail 2008. | 25.10.12 | | 25.10.12 Vedtak KU – Info teke til vitande. |
| 73/12 Oppfølging av bystyret sine | 25.10.12 | | 25.10.12 Vedtak KU – Kontrollutvalet tek |

| | | | |
|---|---|---|---|
| merknader til rapport etter eigarskapskontroll i Alarmsentrlaen Sogn og Fjordane IKS. | | | info om at arb med eigarskapsmelding vil bli sett i gong straks etter at budsjettarbeidet er ferdig.<br>01.11.12 E-post frå Flora kommune som stadfestar info ovanfor. |
| 74/12 Oppfølgingsliste 7-2012 – Flora. | 25.10.12 | | 25.10.12 Vedtak KU:<br>- Ku ber rdm svare Kryss på spm i smb med oa.<br>- Ku ber om svar på kva tid rdm kan svare innan 1. nov 2012.<br>- Det skal gå kopi av brevet frå ku til rdm og ordf og revisor.<br>26.10.12 Brev til Flora kom om å svare kryss<br>01.11.12 Svar frå Flora.<br>01.11.12 Svar vidares til kryss. |
| 75/12 Eventuelt | 25.10.12 | | 25.10.12 Vedtak KU – Nestleiar i ku orienterte om FKT-konf i Trondh i juni 2012. |

Oppdatert 21.11.12.

# 080/12 EVENTUELT

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
**Dato:** 21.11.2012

| Utval | Dato | Utv.-Saksnr. | Status | Vedtaks-organ |
|---|---|---|---|---|
| Kontrollutvalet | 30.11.2012 | 080/12 | - | Ja |
| Formannskap | - | - | - | Nei |
| Bystyret | - | - | - | Nei |

## KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.

**081/12 PROSJEKTREKNESKAP – SLUTTREKNESKAP OG SLUTTRAPPORT PROSJEKT NR 78624 TRAFIKKSIKRING 2010**

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat
**Dato:** 29.11.2012.

| Utval | Dato | Utv.-Saksnr. | Status | Vedtaks-organ |
|---|---|---|---|---|
| Kontrollutvalet | 30.11.2012 | 081/12 | - | Nei |
| Formannskap | - | - | - | Nei |
| Bystyret | - | - | - | Ja |

**Saksvedlegg:**

- Revisjonsuttale frå KRYSS-revisjon datert 20.11.2012.
- Utskrift av rekneskap datert 12.09.2012.
- Sak 018/12 i prosjektkomiteen datert 07.11.2012
- Førebels revisjonsuttale frå KRYSS-revisjon datert 18.10.2012.
- Diverse vedlegg.

**Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**
- Kommunelova .
- Økonomireglement for Flora kommune.

**Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

- Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding datert 20.11.2012.
- Under føresetnad av at mindreforbruket vert omdisoponert i samsvar med regelverket har ikkje kontrollutvalet merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

**KONTROLLUTVALET SIN UTTALE TIL BYSTYRET :**

Saksutgreiing

**PROSJEKTREKNESKAP – SLUTTREKNESKAP OG SLUTTRAPPORT PROSJEKT NR 78624 TRAFIKKSIKRING 2010**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

**Innleiing – Kva saka gjeld**

Det ligg føre endeleg prosjektrekneskap og sluttrapport for prosjekt nr 78624 Trafikksikring 2010. Kontrollutvalet skal i saker som gjeld sluttrekneskap for investeringsprosjekt gje uttale til sluttrapporten og sluttrekneskapen.

**Saksopplysningar:**

Det vert vist til rekneskapen og sluttrapporten og det som elles ligg føre av dokument i saka.

Revisjonsuttalen er datert 20.11.2012.

Prosjektrekneskapen viser ein samla kostnad på kr. 1.017.531,11. Prosjektet er budsjettert med ei råme på kr. 573.367,71. Prosjektet har også i seg refusjonar frå Statens vegvesen på kr. 544.000,-. Prosjektet har såleis eit mindreforbruk på kr. 99.836,60. Prosjektet er lånefinansiert med kr. 473.531,11.

Prosjektkomiteen har gjort vedtak om at mindreforbruket vert overført til prosjekt 78679 Trafikksikring 2012.

Revisjonsuttalane stadfester taldelen i sluttrekneskapen.

Bystyret gjer vedtak i prosjektrekneskapssaker over kr. 500.000,-, jfr. delegasjonsreglement for Flora kommune. Bystyret gjer også endeleg vedtak med omsyn til kva måte mindreforbruket skal disponerast

**Sekretariatet sine vurderingar:**

Sekretariatet viser til rekneskapen, revisjonsuttale og det som elles ligg føre av dokument i saka. Vi vurderer det slik at kontrollutvalet bør uttale at rekneskapen kan godkjennast slik han ligg føre under føresetnad av at mindreforbruket vert omdisponert i samsvar med regelverket.

KRYSS REVISJON
KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

Dagleg leiar/ Revisjonssjef: Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27
terje.forde@kryssrevision.no
postmottak@kryssrevision.no
Bank: 3705.08.27845
Org. nr.: 987 608 064 MVA

Flora Bystyret
v/Ordførar
6900 Florø

| Dykkar ref.: | Vår ref.: | Arkivkode: | Journalnr.: | Dokumentdato: |
|---|---|---|---|---|
| | Kryss/flora/prosjektrek/2012/prosjekt79507 | 216Q80 | 094/2012 | 20.11.2012 |

## REVISJONSUTTALE - SLUTTREKNESKAP OG SLUTTRAPPORT *PROSJEKT NR 78624 TRAFIKKSIKRING 2010.*

Rekneskapen for ovannemnde *prosjekt nr 78624 trafikksikring 2010* har vore førelagt kommunerevisjonen i Flora kommune for gjennomsyn og kontroll.

Vi har gjennomført dei kontrollhandlingar som samsvarar med "ISRS 4400 – Avtala kontrollhandlingar". Desse er opplista nedanfor. Handlingane er utført for å bistå Flora Bystyret i vurderinga av riktigheita av økonomien i . *prosjekt nr 78624 trafikksikring 2010*

Vi vil oppsummere vårt arbeid slik:
Det ligg føre rapporteringsskjema for *prosjekt nr 78624 trafikksikring 2010,* som viser ein total kostnad på kr 1 017 531,11. Godkjent budsjett for *prosjekt nr 78624 Trafikksikring 2010* er jfr Budsjettvedtak i Bystyret i 2010 og i 2011 på kr 573 367,71,-. Prosjektet har og i seg refusjonar frå Statens vegvesen på kr 544 000,-. Prosjektet har såleis eit mindreforbruk i høve budsjett på kr 99 836,60. Det ligg til Flora Bystyret å disponere mindreforbruket.

Prosjektkomiteen har gjett si tilråding i PRKO-018/12. Vi vil ikkje ha merknader til at Flora Kommune tiltrer vedtak frå Prosjektkomiteen i sak PRKO-018/12.

Vi stadfester med dette at vi bl.a. har gjennomført følgjande kontrollhandlingar:

- Om prosjektrekneskapen er underskriven på vegne av kommunen
- Beskrivinga av at prosjektrekneskapen samsvarar med politisk vedtak og budsjettføresetnader.
- utgifter og inntekter som er bokført på prosjektet vedkjem prosjektet og har "tilhørigheit" til dette
- at det er korrekt handsaming av regelverk kring moms og momskompensasjonsordningane (to adskilte regelregime)
- at prosjektrekneskapen er konsistent med taldelen i dei offisielle årsrekneskapane for Flora kommune, som den byggjer på
- at rekneskapsrapporteringane er i samsvar med Flora Bystyret sine vedtak. Jfr det som er nemnt i sluttrapporten.

Vi har stadfesta taldelen i sluttrapporteringa ved vår påteikning d 20.11.2012. jfr vår førebels revisjonsuttale d.18.10.2012

Våre revisjonshandlingar mot vedkommande prosjektrekneskap for *prosjekt nr 78624 trafikksikring 2010* vil bli innstilt så snart Flora Bystyre sitt vedtak i saka er effektuert av økonomiavdelinga i Flora kommune.

Florø 20.11.2012
KRYSS REVISJON
KOMMUNEREVISJONEN I YTRE SOGN OG SUNNFJORD
Trine Vokuhl
Kommunerevisor I

Vedlegg:
Utskrift av rekneskap
Sluttrapport
PRKO-018/12
Kopi Førebels revisjonsuttale 18.10.2012

Kopi:
Kontrollutvalet
Rådmannen
Økonomisjef
Controller.

Flora kommune

I tillegg vart eit leskur satt opp i Nybø vegen. Dette hadde ein berekna kostnad på kr. 90 000. Frå tidlegare prosjekt vart det overført frå Statens vegvesen Kr.54 000,- til prosjekt 78624 "Trafikktrygging 2010".

*Leskuret er ferdigstilt og innrapportert til Statens vegvesen.*

**Økonomi:**

Prosjektet hadde ei vedtatt ramme på kr.573 367,71, og eit totalforbruk på kr.473 531,11. Prosjektet hadde eit mindreforbruk på kr.99 836,60.

**Økonomi:**

| | | |
|---|---|---|
| Vedtatt ramme: | Kr.573 367,71 | Bystyre sak |
| Kalkyle etter anbodsrunde: | | |
| Eventuelt justert ramme: | | Bystyre sak: |
| Endelige tot. Kostnader: | Kr.473 531.11 | |
| Avvik (- +) | +kr.99 836,60 | |
| Eventuell Oppfinansiering: | | Bystyre sak: |

| | |
|---|---|
| Dato: | Dato: 16.10.2012 |
| Sign:______ Avdelingsledar | Sign: [signature] Prosjektledar |

Vedlegg: Rapport – Ettervurdering/Evaluering av prosjekt.(Se egen mal M-004)



Byggerekneskap for: Trafikksikring 2010
Prosjekt nr. 78624
2010 - 2011

**Spesifikasjon utgifter / inntekter:**

| Kostnadsart: | År 2010 | År 2011 | Til saman: | Budsjett |
|---|---|---|---|---|
| Utgifter: | | | | |
| | | | 0,00 | |
| 230 Totalentreprise/vedlikehald | 378 065,94 | 366 190,00 | 744 255,94 | 573 367,71 |
| 270 Konsulenttenester | | | 0,00 | |
| 290 Interne overføringar | 70 719,00 | | 70 719,00 | |
| 429 MVA-vederlag anskaffelser | 91 713,36 | 91 547,50 | 183 260,86 | |
| 500 Renter | 9 379,20 | 9 916,11 | 19 295,31 | |
| Sum utgifter | 549 877,50 | 467 653,61 | 1 017 531,11 | 573 367,71 |
| | | | | |
| Inntekter: | | | | |
| 700 Refusjon frå staten | -350 000,00 | -194 000,00 | -544 000,00 | |
| 830 Overføring frå fylke | | | 0,00 | |
| Sum inntekter | -350 000,00 | -194 000,00 | -544 000,00 | - |
| | | | | |
| Netto utgift | 199 877,50 | 273 653,61 | 473 531,11 | 573 367,71 |
| Netto innsparing/meirforbruk i høve til budsjett | | | | 99 836,60 |

**Finansiering**

| År | Rekneskap Netto utgift | Finansiering Bundne fond | Likv.reserve | Lån |
|---|---|---|---|---|
| 2010 | 199 877,50 | | | 199877,5 |
| 2011 | 273 653,61 | | | 273653,61 |
| Sum | 473 531,11 | - | - | 473 531,11 |
| Netto innsparing/meirforbruk | | | | 99 836,60 |

| Løyvingar | | |
|---|---|---|
| Løyving 2010 | Lån | 500 000,00 |
| Bystyresak 004/10 | Lån | 45 000,00 |
| Form-073/10 | Lån | 42 000,00 |
| Form-106/10 | Lån | 1 107,33 |
| Form-013/11 | Lån | 72,56 |
| Bystyresak 018/11 | Lån | 5 756,92 |
| Form-014/11 | Lån | 412,00 |
| Bystyresak 019/2011 | Lån | -21 061,10 |
| Sum | | 573 367,71 |

FLORA KOMMUNE
Økonomiavdelinga, 05.09.2012
[signature]
Ruth Svortevik Sunde
rekneskapsjef

Florø 13.09.12
[signature]
[stamp: ... REVISJON]

FLORA
KOMMUNE

Dato: 15.11.12
Sak nr: 090/2012
Arkiv:
Avd.kode: 216Q 80
Saksh: TV.

| Saksgang | Møtedato | Saksnr |
|---|---|---|
| Prosjektkomiteen | 07.11.2012 | 018/12 |
| Kontrollutvalet | | |
| Formannskapet | | |

| Sakshandsamar: | Arkiv: K1-216, K2-Q80 | Arkivsaknr |
|---|---|---|
| Hanne Anette Flugre | | 12/1736 |

# SLUTTRAPPORT PROSJEKT 78624 TRAFIKKSIKRING 2010

**Kva saka gjeld:**
Trafikksikring 2010.

**FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

1. Sluttrapport og sluttrekneskap vert godkjent slik det ligg føre.

2. Mindreforbruk på kr. 99 836,60 vert overført til prosjekt 78679 Trafikksikring 2012

**07.11.2012 PROSJEKTKOMITEEN**

***Røysting:***
Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

**PRKO-018/12 VEDTAK:**

1. Sluttrapport og sluttrekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Mindreforbruk på kr. 99 836,60 vert overført til prosjekt 78679 Trafikksikring 2012

Terje Heggheim
Rådmann

Reidulf Refsnes
Tenesteleiar

KRYSS REVISJON
KOMMUNEREVISJONEN I YTRE SOGN OG SUNNFJORD

Dagleg leiar/ Revisjonssjef: Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27
terje.forde@kryssrevisjon.no
postmottak@kryssrevisjon.no
Bank: 3705.08.27845
Org. nr.: 987 608 064 MVA

| FLORA KOMMUNE POSTMOTTAK | |
|---|---|
| Arkivsaknr.: 12/1736-3 | |
| Dato: 18 OKT 2012 | |
| P | S |
| U.off.: | Avskr.: |
| Saksh.: | Kopi: |

Flora Kommune
Prosjektkomiteen
v/Reidulf Refsnes
6900 Florø

| Dykkar ref.: | Vår ref.: | Arkivkode: | Journalnr.: | Dokumentdato: |
|---|---|---|---|---|
| | Kryss/trine/flora/prosjekt/forebels78624 | 216Q80 | 083/2012 | 18.10.2012 |

**FØREBELS REVISJONSUTTALE - SLUTTRAPPORT/ -REKNESKAP FOR *PROSJEKT 78624 Trafikksikring 2010***

Det ligg føre sluttrekneskap for ovannemnde prosjekt for perioden 2010-2011, d. 05.09.2012
Det ligg føre sluttrapport med evaluering av gjennomføring av prosjektet d.16.10.2012

Saka er oversendt revisjonen for førebels uttale, med vidare handsaming i Prosjektkomiteen.

Det ligg føre rapporteringsskjema for *prosjekt nr78624 Trafikksikring 2010* som viser ein total kostnad på kr 1 017 531,11. Godkjent budsjett for *prosjekt nr 78624 Trafikksikring 2010* er jfr Budsjettvedtak i Bystyret i 2010 og i 2011 på kr 573 367,71,-. Prosjektet har og i seg refusjonar frå Statens vegvesen på kr 544 000,-. Prosjektet har såleis eit mindreforbruk i høve budsjett på kr 99 836,60. Det ligg til Florø Bystyret å disponere mindreforbruket.

Vi har stadfesta taldelen i sluttrapporteringa ved vår påteikning i dag. Vi har ingen ytterlegare kommentarar til den sluttrekneskap som ligg føre.

Vi vil kome attende til endeleg revisjonsuttale så snart saka kjem attende frå Prosjektkomiteen, og deretter vil saka bli vidareført til kommunen sitt kontrollutval som vil avgje uttale i saka.

Vi tør be om at saka vert returnert til oss saman med særutskrift frå Prosjektkomiteen si handsaming, slik at vi kan føreta avsluttande revisjonshandlingar og utforme ei endeleg revisjonsuttale til rekneskapssaka. Vi viser ellers til dokument som følgjer saka.

Florø den 18.10.2012
Med helsing

KRYSS REVISJON
Trine Vøkuhl
Kommunerevisor 1

Vedlegg:
Utskrift av rekneskap
Sluttrapport
Politiske vedtak i sak: prosjekt 78624

Kopi:
Rådmannen
Økonomisjef
Controller

---

| FLORA KOMMUNE | Mal | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Sluttrapport | | | | | |
| | Dok. | nr. | rev. | Godkjent dato | Godkjent | Merknader |
| | M - | 003 | -01 | 01.01.05 | (sign.) | Til godkjenning |

| Prosjekt namn: Trafikksikring 2010 | Nr: 78624 |
|---|---|

**Politiske vedtak**

| |
|---|
| Plan og Miljøutval/Plankomité: |
| Prosjektkomité: |
| Formannskap: 073/10 106/10 013/11 014/11 |
| Bystyre: 004/10 018/11 019/11 |

**Historikk / Ettervurderingar:**
(Avvik og erfaringar i forhold til planer, framdrift, økonomi, kvalitet etc.) Ev. på eige vedlegg.

**Saka gjeld:**

Trafikksikring 2010

Det vart i Budsjett og handlingsplan 2010 – revidert budsjett 2009 løyvd kr.500 000,- til prosjekt 78624 "Trafikksikring 2010", i samsvar med "Trafikksikringsplan". I tillegg vart det overført mindreforbruk frå andre prosjekt på til saman kr.73 367,71 slik at Flora Kommune hadde ein disponibel eigenkapital til prosjekt 78624 "Trafikksikring 2010" på kr. 573 367,71.

**Løyvingar frå staten:**

Flora kommune søkte Statens vegvesen om Fylkeskommunale trafikktryggingsmidlar til bygging av fartshumpar og etablering av fortau i Stadionvegen kostnadsrekna til kr.530 000,-

Det vart i brev datert 02.02.2010 frå statens vegvesen gitt tilskot til aksjon skuleveg 2010. Flora kommune vart tildelt kr.320 000,- fordelt slik:

- Kr.60 000,- til bygging av fartshumpar i 30/km-soner
- kr.260 000,- til etablering av fortau i Stadionvegen.

I Utbyggingsutvalet, sak 028/10 den 27.05.2010 vart det vedteke å supplere fartsregulerande tiltak innanfor ei kostnadsramme på kr.100 000,- til bygging av fartshumpar i Keilevegen.

*Prosjekta er utført.*

I tillegg til desse løyvingane vart det i 2010 overført kr.170 000,- frå Statens vegvesen til prosjekt 78624 Trafikksikring. Dette gjaldt oppføring av 2 stk. busskur på FV.548.

*Busskura er ferdigstilt og innrapportert til Statens vegvesen.*

## 6.1 Differensiert lånegjeld

Det er komplisert å framskaffe ein heilt korrekt differensiert lånegjeld, fordelt på lånegjeld som er finansiert av frie inntekter og lånegjeld som er sjølvfinansierande. Det må presiserast at tala nedafor er et kvalifisert stipulat. Ved utgangen av 2009 er det estimert at 49 % av den bokførte lånegjelda vil vere sjølvfinansierande. Sidan vedtekte låneopptak for 2009 hovudsakleg var knytt til sjølvfinansierande investeringar vert estimatet auka til 52 % når ein tar med totalt vedtekte låneopptak for inngangen til 2010.

Det er grunn til å stille spørsmål om kva som er sjølvfinansierande, og kva som ikkje er sjølvfinansierande. All lånegjeld som vert tatt opp av dei kommunale foretaka er rekna som sjølvfinansierande, men når foretaka mottar tilskot frå kommunen og når Flora Hamn KF tar opp delvis avdragsfrie lån, er ikkje lånegjelda fullt ut sjølvfinansierande. Lånet til FIAS skal i utgangspunktet vere sjølvfinansierande, men er ikkje tatt med som sjølvfinansierande sidan selskapet mottar tilskot frå kommunen for å dekke rentene.

| | 31.12.2008 | | 09.11.2009 | |
|---|---|---|---|---|
| Brutto bokført lånegjeld konsern | 852 429 872 | 100 % | 974 382 849 | 100 % |
| Utlån etableringslån/startlån Husbanken | 31 158 750 | 4 % | 33 088 174 | 3 % |
| Utlån KF- foresel at KF dekker renter og avdrag | 103 083 645 | 12 % | 135 200 436 | 14 % |
| VAR-verdiar ihht VAR-rekneskapen, reelt 31.12.2000, stipulat 2009 | 130 322 600 | 15 % | 149 180 150 | 15 % |
| Unytta lånemidlar pr 31.12.2008 - stipulat VAR | 69 331 407 | 8 % | 114 500 273 | 12 % |
| Unytta lånemidlar pr 31.12.2008 - etableringslån | 7 840 275 | 1 % | 8 942 459 | 1 % |
| Rentekompensasjon skuleanlegg (1/2 pga ikkje avdragskompensasjon) | 16 916 939 | 2 % | 14 661 347 | 2 % |
| Rente- og avdragskompensasjon omsorgsenteret | 14 924 002 | 2 % | 14 302 169 | 1 % |
| Rente- og avdragskompensasjon skule reform 97 | 5 304 000 | 1 % | 4 068 000 | 0 % |
| Sum sjølvfinansierande lån | 378 881 699 | 44 % | 474 833 008 | 49 % |
| Sum lån finansiert av frie inntekter | 473 648 174 | 56 % | 499 529 841 | 51 % |
| Stipulert resterande avdrag innan 31.12.2009 - foresel 50/50 frie/sjølvfinans | | | -10 000 000 | |
| Stipulert resterande avdrag innan 31.12.2009 - foresel 50/50 frie/sjølvfinans | | | -10 000 000 | |
| Stipulert bokført lånegjeld pr 31.12.2009 | | | 954 382 849 | |
| Lånevedtak for 2008 - vart tatt opp 16.10.2009 | 127 433 000 | | | |
| Lånevedtak for 2009 - som vert tatt opp etter 31.12.2009 sjølvfinans | 90 967 000 | | 84 967 000 | |
| Lånevedtak for 2009 - som vert tatt opp etter 31.12.2009 frie | 9 600 000 | | 9 600 000 | |
| Stipulat sum vedteke lånegjeld for inngang til 2010 [1] | | | 1 048 929 849 | |
| Stipulat vedteke lånegjeld - sjølvfinansierande | | | 549 800 008 | 52 % |
| Stipulat vedteke lånegjeld - frie | | | 499 129 841 | 48 % |
| Sum stipulert vedteke lånegjeld | | | 1 048 929 849 | 100 % |

[1] *Låneansvar for Firda Billag og Alarmsentralen i Sogn og Fjordane IKS er ikkje inkludert*

## 6.2 Investeringsprogram – frie inntekter

Den store auken i bruk av IKT generelt i samfunnet vil måtte medføre auka utgifter for kommunen. Dersom Flora kommune skal halde tritt med utviklinga, motivere sine tilsette og sikre rekruttering av attraktive medarbeidarar, er det naudsynt å ta IKT på alvor. Det er lagt inn ein total investering i IKT infrastruktur på 5,5 mill kr i 2010 og deretter 3 mill kr årleg i økonomiplanperioden. Viser til kommentaren i tabell 6.2.1 for detaljert informasjon.

*Tabell 6.2.1 Investeringsprogram – finansiert av frie driftsinntekter*

| Investeringsprogram - frie inntekter | Budsjett 2009 | Budsjett 2010 | Øk.plan 2011 | Øk.plan 2012 | Øk.plan 2013 | Kommentar |
|---|---|---|---|---|---|---|
| IKT - plan grunnskule | 400 | 1 050 | | | | Trådlaust nettverk. Auka driftsutgifter/vedlikehald 50' i 2010, med heilårseffekt 75' frå 2011 (eks mva). |
| IKT - infrastruktur | 3 000 | 5 500 | 3 000 | 3 000 | 3 000 | Teknisk infrastruktur, nye nettsider, konvertering til Visma Enterprise, eBilag, [illegible] Elektronisk arkiv, oppgradering office 2007, oppgradering exchange 2007. Auka driftsutgifter/vedlikehald [illegible] 277' i 2010, med heilårseffekt 415' frå 2011 (eks mva). |
| IKT - nye telefonsentralar | | 875 | | | | Rådhuset, Furuhaugane bu- og servicesenter, Eikefjord skule/Omsorgssenteret |
| Trafikksikringsplan | 500 | 500 | 500 | 500 | 500 | I samsvar med "Trafikksikringsplan" |
| Asfaltering | 1 000 | | 1 000 | | | |
| Stadionvegen | 100 | | | | | |
| Gravegen gang/sykkelveg grunnerverv/pros | 300 | | | | | Vegdel tatt ut, vert finansiert av Fylkeskommunen. |
| Prof. Gjelsviksveg | | 2 000 | 5 200 | | | |

Journalpost ID: 147336_6_P Side 44 av 47

1 FLORA KOMMUNE (2012) - År/Periode 2012 1 - 98

05.09.2012

| | Regnskap 2010 | Buds(end) 2010 | Regnskap 2011 | Buds(end) 2011 | Regnskap 2012 | Buds(end) 2012 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Prosjekt: 78624 Trafikksikring 2010 | | | | | | |
| 32310 TOTALENTREPRISE | 374.719,84 | 588.187 | 366.190,00 | -14.820 | 0,00 | 0 |
| 32320 VEDLIKEHALD | 3.346,10 | 0 | 0,00 | 0 | 0,00 | 0 |
| 32901 INTERNE OVERFØRINGAR, INTERNKJØP | 70.719,00 | 0 | 0,00 | 0 | 0,00 | 0 |
| 34291 MVA PÅ VEDERLAG.MVA-PLIKTIGE ANSAFFELSER | 91.713,36 | 0 | 91.547,50 | 0 | 0,00 | 0 |
| 35002 BYGGELÅNSRENTER | 9.379,20 | 0 | 9.916,11 | 0 | 0,00 | 0 |
| Sum utgifter | 549.877,50 | 588.187 | 467.653,61 | -14.820 | 0,00 | 0 |
| 37090 ANDRE REFUSJONAR FRÅ STATEN | -350.000,00 | 0 | -194.000,00 | 0 | 0,00 | 0 |
| 39101 BRUK AV LÅN | -199.877,50 | -588.187 | -273.653,61 | 14.820 | 0,00 | 0 |
| Sum inntekter | -549.877,50 | -588.187 | -467.653,61 | 14.820 | 0,00 | 0 |
| Sum prosjekt: 78624 Trafikksikring 2010 | 0,00 | 0 | 0,00 | 0 | 0,00 | 0 |
| TOTALT | 0,00 | 0 | 0,00 | 0 | 0,00 | 0 |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Opprusting vegar Svanøy | | | 500 | | | |
| Gatelys Dylkolveien | | | 650 | | | |
| Ny [illegible] | | | 700 | | | |
| Utstyr i park - [illegible] | | | | | | |
| Solheim Vassverk AS - kommunal del | 150 | | | | | |
| Arbeidstilsyns-/branntilsynspålegg | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 | |
| Ny redningsbil - Flora brannvesen | 600 | | | | | |
| Sambandslink brannvesen | 100 | 130 | | | | Oppfinansiering |
| Brannøvingsfelt oppfinansiering | 400 | | | | | |
| Digitalt markslagskart DMK/AR5 | | 500 | | | | |
| Bergkunstsenter Ausevika, 2. Byggetrinn | | | 2 000 | 2 000 | 4 000 | Samspel med Fjaler kommune, musea, fylket og staten. Usikkert beløp. |
| Ny kinosal/dyrare utbetring samfunnshuset | | | | 3 000 | 3 000 | Over til ny planperiode 4 000 |
| Skifte kinostolar | | | 1 000 | | | Inkl golvbelegning i tråd med universell utforming |
| Flora Samfunnshus publikumstoalett | | 2 000 | | | | Publikumstoalett i tråd [illegible] |
| Flora Samfunnshus utgraving | 200 | | 1 000 | | | |
| Flora Samfunnshus utbedring, [illegible] | | 1 500 | | | | |
| Hallen - skifta tak | | | 2 000 | | | |
| [illegible] | 600 | 600 | 600 | 600 | 600 | Arbeidsnotat k.sak 114/08. Behov truleg også i 2014-2015. |
| Krokane Skule - Gymsal/oppgradering vegg | 250 | | | | | |
| Eikefjord skule rehabilitering/nybygg | 1 000 | 200 | | | | Forprosjektering |
Økonomiavdelinga, 17.10.2012
[signature]
Reidun Espeseth
økonomikonsulent

FLORA KOMMUNE
Økonomiavdelinga, 17.10.2012
[signature]
Ruth Svortevik Sunde
rekneskapsjef

24.10.12 [signature]
KRYSS REVISJON
KOMMUNEREVISJONEN I YTRE SOGN OG SUNNFJORD

1 FLORA KOMMUNE (2012) - År/Periode 2012 1 - 98 — 07.05.2012

| | Regnskap 2007 | Buds(end) 2007 | Regnskap 2008 | Buds(end) 2008 | Regnskap 2009 | Buds(end) 2009 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prosjekt: 78592 Skytebane Teknisk anlegg** | | | | | | |
| 31951 AVGIFTER GEBYRER OG LISENSER | 0,00 | 0 | 0,00 | 0 | 1.669,60 | 0 |
| 32301 BYGGETENESTER | 0,00 | 0 | 0,00 | 0 | 670.000,00 | 0 |
| 32701 KONSULENTTENESTER | 0,00 | 0 | 0,00 | 0 | 31.154,00 | 0 |
| 34291 MVA PÅ VEDERLAG,MVA-PLIKTIGE ANSAFFELSER | 0,00 | 0 | 0,00 | 0 | 175.705,90 | 0 |
| 35002 BYGGELÅNSRENTER | 0,00 | 0 | 0,00 | 0 | 5.581,00 | 0 |
| 35251 KJØP AV ANDELER/AKSJER | 0,00 | 0 | 0,00 | 0 | 204.000,00 | 204.000 |
| 37001 REFUSJON FRÅ STATEN | 0,00 | 0 | 0,00 | 0 | -204.000,00 | -204.000 |
| 39101 BRUK AV LÅN | 0,00 | 0 | 0,00 | 0 | -884.110,50 | 0 |
| **Sum prosjekt: 78592 Skytebane Teknisk anlegg** | 0,00 | 0 | 0,00 | 0 | 0,00 | 0 |
| **TOTALT** | 0,00 | 0 | 0,00 | 0 | 0,00 | 0 |



1 FLORA KOMMUNE (2012)- År/Periode 2012 1 - 98 — 17.10.2012

| | Regnskap 2010 | Buds(end) 2010 | Regnskap 2011 | Buds(end) 2010 | Regnskap 2012 | Buds(end) 2012 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prosjekt: 78592 Skytebane Teknisk anlegg** | | | | | | |
| 30101 FAST LØN TIL FAST TILSETTE | 33.600 | 0 | 33.600 | 0 | 0,00 | 0 |
| 30991 ARBEIDSGJEVARAVGIFT | 4.738 | 0 | 4.738 | 0 | 0,00 | 0 |
| 31951 AVGIFTER GEBYRER OG LISENSER | 2.170 | 0 | 0 | 0 | 0,00 | 0 |
| 32301 BYGGETENESTER | 0 | 0 | 555.984 | 0 | 0,00 | 0 |
| 32310 TOTALENTREPRISE | 0 | 6.823.000 | 2.011.005 | 6.823.000 | 0,00 | 0 |
| 32330 GRUNN- OG BETONGARBEID | 0 | 0 | 3.970.250 | 0 | 0,00 | 0 |
| 32701 KONSULENTTENESTER | 326.908 | 0 | 220.549 | 0 | 12.745,49 | 0 |
| 32901 INTERNE OVERFØRINGAR, INTERNKJØP | 150.000 | 0 | 160.000 | 0 | 0,00 | 0 |
| 34291 MVA PÅ VEDERLAG,MVA-PLIKTIGE ANSAFFELSER | 81.727 | 0 | 1.688.947 | 0 | 3.186,37 | 0 |
| 35002 BYGGELÅNSRENTER | 10.217 | 0 | 178.695 | 0 | 342,00 | 0 |
| 39101 BRUK AV LÅN | -609.360 | -6.823.000 | -8.823.766 | -6.823.000 | -16.273,86 | 0 |
| **Sum prosjekt: 78592 Skytebane Teknisk anlegg** | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,00 | 0 |
| **TOTALT** | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,00 | 0 |

fE.

FLORA
KOMMUNE

| Saksgang | Møtedato | Saksnr |
|---|---|---|
| Formannskapet | 18.01.2011 | 009/11 |

| Sakshandsamar: | Arkiv: K1-251 | Arkivsaknr |
|---|---|---|
| Bente Frøyen Steindal | Objekt: | 10/1748 |

## KOMMUNAL OPPFINANSIERING AV INNFRASTRUKTUR I SKYTEBANEANLEGGET PÅ GROVASTØYLEN

**Kva saka gjeld:**

Bystyret vedtok i sak 089/10 den 09.11.2010 kommunal oppfinansiering og tildeling av anbodet til Trygve Ullaland AS på utbygging av infrastruktur og deler av baneanlegget på skytebaneanlegget på Grovastøylen.

BYST-089/10 VEDTAK :

1. Flora kommune gjennomfører sin del av anlegget i samsvar med vedtak i Bystyret i sak 124/09.
2. Flora kommune låner kr 3 800 000 til oppfinansiering for å gjennomføre investeringane.
3. Anbodet vert tildelt Trygve Ullaland AS.
4. Ut frå kommunen si samla vurdering vert det ikkje lagt opp til kompensasjon til skyttarlag som flytter sin aktivitet til Grovastøylen.

Ut frå ordlyden i vedtaket har administrasjonen underteikna kontrakt med Trygve Ullaland AS der oppstardato er sett til 02.01.2011.

Representanten Jan Henrik Nygård(V) sendte den 12.11.2010 mail til administrasjonen ved Magnus Frøyen der han skriv :

*Minner om at Flora kommune skal ha signert avtale på kostnadsfri overtagelse av arealet ved skytebana i sentrum for ekstra midlar vert sett inn.*
*(iht vedtak i bystyre 11.11.2010).*

*Mvh*
*Jan H. Nygård*
*Vara til styret og tilskuer under behandlinga av saka i Bystyret.*

1 FLORA KOMMUNE (2012) - År/Periode 2012 1 - 98 07.05.2012

| | Regnskap 2004 | Buds(end) 2004 | Regnskap 2005 | Buds(end) 2005 | Regnskap 2006 | Buds(end) 2006 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prosjekt: 78592 Skytebane Teknisk anlegg** | | | | | | |
| 31951 AVGIFTER GEBYRER OG LISENSER | 0,00 | 0 | 0,00 | 0 | 2.820,00 | 0 |
| 31953 KOMMUNALE AVGIFTER | 0,00 | 0 | 0,00 | 0 | 644,80 | 0 |
| 34291 MVA PÅ VEDERLAG,MVA-PLIKTIGE ANSAFFELSER | 0,00 | 0 | 0,00 | 0 | 161,20 | 0 |
| 35002 BYGGELÅNSRENTER | 0,00 | 0 | 0,00 | 0 | 11,00 | 0 |
| 39101 BRUK AV LÅN | 0,00 | 0 | 0,00 | 0 | -3.637,00 | 0 |
| **Sum prosjekt: 78592 Skytebane Teknisk anlegg** | **0,00** | **0** | **0,00** | **0** | **0,00** | **0** |
| **TOTALT** | **0,00** | **0** | **0,00** | **0** | **0,00** | **0** |

**FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

1. Formanskapet er samd i tolking av vedtaket i Bystyret sak 089/10. Anbodet vart i saka tildelt Trygve Ullaland AS og arbeidet kunne startast straks.

18.01.2011 FORMANNSKAPET

Rådmannen, Tore Jakob Madsen,H og Jan Henrik Nygård,V gjekk frå som ugilde i denne saka.

*Framlegg:*
Framlegg frå Repr.Åge Larsen.AP:
Nytt pkt.2:
Ordførar får fullmakt til å signere på festeavtalen mellom Flora kommune og Grovastøylen AS.

*Røysting:*
Tilrådinga og framlegget frå Larsen vart samrøystes vedtekne.

**FORM-009/11 VEDTAK:**

1. Formanskapet er samd i tolking av vedtaket i Bystyret sak 089/10. Anbodet vart i saka tildelt Trygve Ullaland AS og arbeidet kunne startast straks.
2. Ordforar får fullmakt til å signere på festeavtalen mellom Flora kommune og Grovastøylen AS.

Bente F. Steindal
Ordførar



**Innleiing:**

**Vurdering:**
Etter ordlyden i vedtaket i pkt 4. i Bystyret kan Ordførar ikkje sjå at det ligg føre slikt krav til skriftleg avtale før arbeidet vert påbegynt som representanten Nygård hevdar.
Bystyret gjorde det klart gjennom vedtaket at det ikkje vert lagt opp til kompensasjon til skyttarlag som flyttar sin aktivitet til Grovastøylen.
Det var Ordførar som kom med framlegg til nytt pkt.4.

Dersom det skulle vere krav om signert avtale om skytebaneanlegget i sentrum før avtale vart inngått med entreprenør, ville det vere uvisse om kva tid anbodet kunne tildelast entreprenør og arbeidet påbegynnast. Bystyret tildelte i same sak; anbodet til Trygve Ullaland.
Ei utsetjing på tildeling av anbodet kunne medføre at konkuransa måtte avlysast og prosessen startast på ny.

Anlegget var lyst ut i Doffin den 04.062010 med påmeldingsfrist 24.06.2010.
Anbodssynfaring vart utført den 10.06.2010 og referat sendt ut den 09.07.2010.
Tilbodsinnlevering var sett til 11.08.2010
Anbodsopning vart føreteke den 11.08.2010 kl 14.00.

**Økonomiske konsekvensar:**

**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:**

**Prenta/uprenta vedlegg:**

| Nr | T | Dok.dato | Til/Frå | Tittel | Vedlagt (x) |
|---|---|---|---|---|---|
| 1 | S | 01.11.10 | | KOMMUNAL OPPFINANSIERING AV INNFRASTRUKTUR I SKYTEBANEANLEGGET PÅ GROVASTØYLEN | |
| 3 | I | 12.11.10 | Styret i Grovastøylen AS v/Jan Henrik Nygård | Avtale om overtaking av areal ved skytebane i sentrum | |

FLORA
KOMMUNE

| Saksgang | Møtedato | Saksnr. |
|---|---|---|
| Bystyret | 09.11.2010 | 089/10 |

| Saksbandsamar: | Arkiv: KI- | Arkivsaknr |
|---|---|---|
| Bente Frøyen Steindal | Objekt: | 10/1748 |

# KOMMUNAL OPPFINANSIERING AV INNFRASTRUKTUR I SKYTEBANEANLEGGET PÅ GROVASTØYLEN

**Kva saka gjeld:**
Kommunal finansiering av infrastruktur i skytebaneanlegget på Grovastøylen vart vedteke i Bystyret i møte den 10.11.2009, sak 124/09.
Bystyret gjorde vedtak om utbygging av infrastruktur og deler av baneanlegget i samsvar med tabell 1 i saka. Grovastøylen AS hadde utarbeid kostnadskalkyle på kr 6 823 000 for kommunen sin del av anlegget.
Bystyret gjorde og vedtak om å låne kr 6 823 000 til å gjennomføre investeringane i tabell 1 i saka.
Den delen av anlegget som kommunen skal koste, har no vore ute på anbod.
Flora kommune sin del vil koste kr 10 515 000-.inkl. mva.
Prosjektet må oppfinansierast med kr 3 800 000 dersom det skal kunne gjennomførast.

**FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

1. Flora kommune gjennomfører sin del av anlegget i samsvar med vedtak i Bystyret i sak 124/09.
2. Flora kommune låner kr 3 800 000 til oppfinansiering for å gjennomføre investeringane.
3. Anbodet vert tildelt Trygve Ulland AS.

**09.11.2010 BYSTYRET**

Rådmannen, Repr.Tore Jakob Madsen,H, Jan Henrik Nygård,V og Hilde Kvamsås Aa,SV gjekk frå som ugilde i denne saka.
(32 repr)

*Framlegg:*
Framlegg frå Ordførar til nytt pkt.4:
Utfrå kommunen si samla vurdering vert det ikkje lagt opp til kompensasjon til skyttarlag som flyttar sin aktivitet til Grovastøylen.

Repr. Jan Arve Midtbø,V ber om gruppemøte.

*Røysting:*
Det vart røysta for eller imot tilrådinga med framlegget frå ordførar, der tilrådinga med ordførar sitt framlegg vart vedteke med 25 mot 7 røyster (V,SV og 1AP)

**BYST-089/10 VEDTAK:**

1. Flora kommune gjennomfører sin del av anlegget i samsvar med vedtak i Bystyret i sak 124/09.
2. Flora kommune låner kr 3 800 000 til oppfinansiering for å gjennomføre investeringane.
3. Anbodet vert tildelt Trygve Ulland AS.
4. Utfrå kommunen si samla vurdering vert det ikkje lagt opp til kompensasjon til skyttarlag som flyttar sin aktivitet til Grovastøylen.

Bente F. Standal
Ordførar

**Innleiing:**
Anbudet på Grovastøylen skytebanefelt omfattar grunnleggande infrastruktur av vegar, parkeringsplassar, kablar og VA – anlegg.
Anlegget vart lyst ut i Doffin den 04.06.2010 med påmeldingsfrist 24.06.2010.
Anbudssynfaring vart utført den 10.06.2010 og referat sendt ut den 09.07.2010.
Tilbodsinnlevering vart sett til 11.08.2010.
Entreprisegrunnlaget vart send ut den 25.06.2010 til 7 entreprenørar som hadde meldt seg på konkuransen.
Det kom inn 3 tilbod og opning vart gjort 11.08.2010 kl 14.00.

| Anbuda er : | | Korrigerte anbod : |
|---|---|---|
| Magne Hafstad AS | kr 8 237 959 eks.mva. | kr 8 147 084 eks. mva |
| Rune Sandvik AS | kr 6 699 121 eks. mva. | kr 6 700 117 eks. mva |
| Trygve Ullaland AS | kr 6 250 633 eks.mva. | kr 6 107 117 eks. mva. |

Med bakgrunn i dette er det sett opp revidert kostnadskalkyle for denne delen av anlegget som Bystyret har vedtatt at Flora kommune skal gjennomføre ved lånefinansiering.
Kostnadskalkyla er basert på lågaste anbud.
Etappe 1 er tidlegare gjenomført av Grovastøylen AS og omfattar avkøyrsle frå Rv.614og anleggsveg for å kunne plassere brakkeanlegg i området.
Etappe 2 er anbudet som no ligg føre.

**Vurdering:**

Kalkyle

| | | | |
|---|---|---|---|
| Etappe 1 | kr | 815 000 | |
| Etappe 2 | kr | 6.108 000 | |
| | Kr | 6 923 000 | kr 6 923 000 |
| Posjekteringskostnader (posjektadm. prosjektering,byggjeleiing) | | | kr 700 000 |
| Byggelånsrente | | | kr 300 000 |
| Reserve | | | kr 500 000 |
| | | | kr 8 423 000 |
| Mva 25 % | | | kr 2 106 000 |
| Sum prosjektkostnad | | | kr 10 529 000 |

Nytt budsjett

| | |
|---|---|
| Sum prosjektkostnad | kr 10 529 000 |
| Finansiert av Bystyret i sak 124/09 | kr 6 823 000 |
| Behov for oppfinansiering | kr 3 706 000 |

Det er gjort vurdering av om einskilde deler av arbeidet kan reduserast eller trekkast ut av anbodet.
Det gjeld parkeringsplassar, vatn og avløpsanlegg, redusert kabel og leidningsanlegg i grofter.
Dette vil i så fall medføre så sterk redusert kvalitet på anlegget at det ikkje bør gjerast.
Fleire av tiltaka vil i så fall måtte gjerast på eit seinare tidspunkt til sannsynleg høgare kostnad.
Anboda som ligg føre er vurdert til å vere gode.



**Økonomiske konsekvensar:**

Behov for oppfinansiering på kr 3 800 000 ved låneopptak.

**Prenta vedlegg:**
Bystyresak 124/09

FLORA
KOMMUNE

| Saksgang | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| Bystyret | 03.11.2009 | 108/09 |
| Bystyret | 10.11.2009 | 124/09 |

| Sakshandsamar: | Arkiv: K2-U03 | Arkivsaknr |
|---|---|---|
| Bente F Steindal | Objekt: | 08/1079 |

# KOMMUNAL FINANSIERING AV INFRASTRUKTUR I SKYTEBANEANLEGGET PÅ GROVASTØYLEN

**Kva saka gjeld:**
Grovastøylen AS vart stifta med kommunen og skyttarlaga som eigarar. I sak 028/09 vedtok bystyret å bruke kr 204 000 av "krisepakka" som kommunen sin aksjekapital i selskapet. Denne saka legg opp til at kommunen tar ansvaret for utbygginga av infrastrukturen i anlegget.

Denne saksutgreiinga byggjer i hovudsak på vedlagte søknad frå Grovastøylen AS.

Saka vert lagt fram no fordi Grovastøylen AS må ta opp lån i forhold til sitt eige finansieringsansvar.

**FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

1. Flora kommune tar det økonomiske ansvaret for utbygging av infrastruktur og delar av banene i skytebaneanlegget på Grovastøylen i samsvar med tabell 1 i denne saksutgreiinga.
2. Realiseringa av infrastrukturen vert å gjennomføre som eit ordinært utbyggingsprosjekt i kommunal regi og i samarbeid med Grovastøylen AS. Prosjektansvaret ligg hos kommunen.
3. Flora kommune låner kr 6 823 000,- til å gjennomføre investeringane i punkt 1.

**03.11.2009 BYSTYRET**

**BYST-108/09 VEDTAK:**

Saka er utsett til 10.11.09.



**10.11.2009 BYSTYRET**

Rådmannen, Tore Jakob Madsen,H og Hilde Kvamsås Aa,SV gjekk frå som ugilde i denne saka.
42 Repr. tilstades.

Venstre v/Jan Henrik Nygård ber om gruppemøte.

Etter gruppemøtet gjekk ein direkte til røysting.

*Røysting:*
Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

**BYST-124/09 VEDTAK:**

1. Flora kommune tar det økonomiske ansvaret for utbygging av infrastruktur og delar av banene i skytebaneanlegget på Grovastøylen i samsvar med tabell 1 i denne saksutgreiinga.
2. Realiseringa av infrastrukturen vert å gjennomføre som eit ordinært utbyggingsprosjekt i kommunal regi og i samarbeid med Grovastøylen AS. Prosjektansvaret ligg hos kommunen.
3. Flora kommune låner kr 6 823 000,- til å gjennomføre investeringane i punkt 1.

Bente F Steindal
Ordførar

**Innleiing:**
Grovastøylen AS vart stifta med kommunen og skyttarlaga som eigarar. I sak 028/09 vedtok bystyret å bruke kr 204 000 av "krisepakka" som kommunen sin aksjekapital i selskapet. Denne saka legg opp til at kommunen tar ansvaret for utbygginga av infrastrukturen i anlegget

**Vurdering:**
I bystyresak 028/09 stod det:

*"Anleggsarbeidet med ny skytebane har starta. Grovastøylen AS - under stifting, har såleis forplikta seg til økonomiske disposisjonar og kontraktmessige bindingar i forkant av dei godkjenningar det vert lagt opp til i denne saka. Slike forpliktingar har selskapet tatt på seg for å sikre at vi blant anna kan ta i mot gåva i form av eit felleshus til bruk i anlegget. Allbygg Florø AS har fått oppdraget med å bygge om/ nybygg ved Flora vidaregåande skule og stiller såleis eit forholdsvis nytt brakkeanlegg til Grovastøylen AS sin disposisjon. Entreprenørservice Florø AS har starta arbeidet med veg og parkeringsareal på Grovastøylen. Dette inneber også planering og klargjering for mottak av brakkeanlegget. Det er Grovastøylen AS som forvaltar ansvaret for desse forpliktingane".*

Grovastøylen AS har framleis dei forpliktingane som er omtala i utdraget ovanfor. No ønskjer selskapet å ta opp lån til å betale desse forpliktingane. Styret i Grovastøylen AS vurderer det som gunstig at kommunen då klargjer si rolle og økonomiske engasjement i prosjektet. Dette vil bidra til å skape eit realistisk nivå på den samla gjelda selskapet kan bere.

Selskapet Grovastøylen AS vart skipa blant anna fordi skyttarlaga ønska denne selskapsforma; der alle eigarar som likeverdige partar tok del i det vidare arbeidet. Selskapet opplyser at dei aldri vil kome i den situasjon at inntektene av skyteaktivitetane aleine kan svare for investeringane av eit komplett anlegg. Dei ber difor om at kommunen tar ansvaret for å investere i infrastrukturen og i delar av baneanlegga etter ei slik fordeling (sjå vedlagt kart):

Tabell 1

| Status | Flora kommune sitt finansieringsansvar | Kroner |
|---|---|---|
| Tilbod | IS1- Veg til skyttarhus | |
| Tilbod | IS2- Veg frå skyttarhus til leirduebane, inkl parkeringsplass P-D | |
| Overslag | IS3- Asfaltering riksvei-skyttarhus (350m*5m*100kr pr m= 1750kvm) | |
| Overslag | IS4- Asfaltering skyttarhus-leirduebane (420m*3,20m*100kr pr m=1350kvm) | |
| Overslag | IS5- Veg til viltstandplass (40m*4m) | |
| Overslag | IS6- Anleggsveg mellom banene (440m*3m) | |
| Overslag | IS7- Politiøvingsfelt (100m*12m*130kr pr kvm) | |
| Overslag | IS8- P-A 8-1 parkeringsplassar (2070 kvm) | |
| Overslag | IS9- P-B 12 parkeringsplassar (270kvm) | |
| Overslag | IS10- P-C 39 parkeringsplassar (1170 kvm) | |
| Overslag | IS11- Trekkerør, heile anlegget | |
| Overslag | Kommunal del Pistolbane, komplett (20%) | |
| Overslag | Kommunal del Viltmålbane, komplett (20% av) | |
| Overslag | Kommunal del Leirduebane, komplett (20% av) | |
| Overslag | Kommunal del Hovudbane 100m og 200m (50% av) | |
| Overslag | Skyttarhus (600 kvm) | |
| | "Villmarksleir" (leir og aktivitetsstad som tilbod til skular og andre) | |
| Overslag | Straum | |
| Overslag | Vatn | |
| | Tele, it (i anlegget) | |
| | Sum investering, inkl mva | 6 823 000 |



Summane ovanfor baserer seg på overslag frå Hjellnes Cowi og sivilingeniør Penne. Dei to øvste postane knyter det seg konkrete tilbod til.

Grovastøylen AS sitt finansieringsansvar:

Tabell 2

| Status | Grovastøylen AS sitt finansieringsansvar | Kroner |
|---|---|---|
| Overslag | Skyttar-/samlingshus (flytte- og monteringskostnader) | |
| Overslag | Politiøvingsfelt | |
| Overslag | Eigendel Pistolbane | |
| Overslag | Eigendel Viltmålbane | |
| Overslag | Eigendel Leirduebane | |
| Overslag | Eigendel hovudbane 100 og 200 m | |
| Overslag | Villmarksleir | |
| | Sum investering, inkl mva | 6 762 000 |

Grovastøylen AS skriv i brevet at den kommunale delen av sjølve baneanlegga må sjåast i lys av den "ulempe" skyttarlaga blir påført ved tvungen flytting. Alle dei tilsutta laga driv i dag sine aktivitetar i eigne anlegg. Det vert lagt opp til ein større kommunal del for 100 og 200 m anlegget. Dette vert grunngjeve ut frå det faktum at det tidlegare er opna for at Florø skytterlag skulle kunne ta opp spørsmålet om ein kompensasjon ved å måtte gi slepp på sitt anlegg ved Likkjevatnet i Florø sentrum.

Dersom Flora kommune tar ansvaret for finansiering slik det vert lagt opp til her, er det ordføraren sitt syn at eit eventuelt krav om eigen og ytterlegare kompensasjon til Florø skytterlag vert mindre aktuelt.

Ordføraren viser til brevet frå Grovastøylen AS og seier seg delvis samd i at kommunen kan sjå på dette som del av kostnaden med å flytte skytebana ut av Florø sentrum.

Selskapet opplyser at dei vil søkje om ordinære spelemidlar som stønad til sitt finansieringsansvar. På same vis vil Grovastøylen AS vere søkjande i hove sponsor og andre inntektskjelder som kan hjelpe til med å lette betjeninga av gjelda. Dersom selskapet kan legge fram dokumentasjon som samsvarar med tilrådinga i denne saka, vil det hjelpe selskapet ovanfor potensielle långivarar. Ordføraren legg opp til at bystyret skal gi selskapet ei slik hjelp.

Ordføraren er og samd med styret i Grovastøylen AS i at dersom det vert ei slik ansvarsdeling i utbygginga av anlegget på Grovastøylen vil det vere naturleg at kommunen held på eigarskapen av sjølve grunnen, og at denne ikkje vert overført aksjeselskapet. I tidlegare utgreiingar har dette vore aktuelt. Gjennom leigeavtale med Grovastøylen AS kan kommunen pålegge selskapet vedlikehaldsansvar og at dette kan finansierast ved at aksjeselskapet har rett til framleige av banene til skyttarlaga. Aksjeselskapet viser i så måte til avtalen mellom Flora kommune og Florø idrettssenter Drift AS.

I stiftingsdokumentet for Grovastøylen AS heiter det i § 3;

§ 3 Virksomhet

*Selskapets formål er å bygge og drive et skyte og aktivitetssenter på Grov i Flora kommune, samt delta i selskap med lignende formål.*

*Selskapet har ikke økonomisk vinning som formål. Det vil ikke kunne utbetales utbytte til selskapets aksjeeiere.*

Grovastoylen kan såleis ikkje utbetale eventuelt overskott som utbytte til skytterlaga, eller for den saks skuld; kommunen. Alle ressursar vil såleis bidra til ei styrking av driftsgrunnlaget for skyte- og aktivitetssenteret.

Det er difor rimeleg grunn til å tru at selskapet på denne måten vil få eit godt driftsgrunnlag og såleis ta ansvaret for drift og vedlikehald av anlegget.

Økonomiske konsekvensar:
Flora kommune lånefinansierar kr 6 823 000,-

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Prenta/uprenta vedlegg:
1. Brev frå Grovnstoylen As
2. Situasjonskart



# NOTAT

iVest Consult

## Framdrift i forbindelse med riving av gammelt vassverk

| | | |
|---|---|---|
| **Til:** | Flora kommune<br>Skanska<br>Sterner Aquatech AS<br>NBN Elektro AS | Jeikishan Jegatheesan (PL)<br>Vidar Andersen (VA)<br>Thormod Nygård (TN)<br>Anders Nødseth (AN) |
| **Kopi:** | Flora kommune<br>Flora kommune<br>NBN Elektro AS | Reidulf Refsnes<br>Rune Kristiansen<br>Kristian Hovland (KH) |
| **Fra:** | iVest Consult AS | Gjermund Jørgensen (BL)<br>gjj@ivestconsult.no, tlf: 966 27 994 |
| **Dato:** | | Fredag den **12.10.2012** |
| **Prosjekt:** | | Florø vassverk |
| **Prosjektnr.:** | | 2011045 |

BH har gått gjennom hva som skal gjøres før riving av det gamle vassverket, og når Skanska kan utføre utomhusarbeider og riving av vassverket. Følgende framdrift er satt opp:

**Uke 42**
Skanska støper fundament for el/automatikkskapet til UV3. **Ansvar VA.**
Det anbefales at E1 starter opp med utomhusarbeider i de områdene de kan gjøre dette, f.eks. klargjøring før asfaltering rundt bygget der det ikke skal utføres mer arbeid i grunnen. Gjerde rundt tomta kan også påbegynnes.

Midlertidig kabel fra UPS til pc for SD-anlegg legges om permanent. Den som utfører jobben tar kontakt med R. Gullaksen i forkant. Ansvar **AN/KH.**

**Uke 42-43**
Driftsavdelinga i Flora kommune demonterer utstyr de skal ta vare på i gammelt vassverk.

**Uke 44-45**
Flytting av UV 3 og skap til nytt vassverk; Montering av viskere for UV1 og UV2. **Frist for ferdigstillelse av arbeidet onsdag 7.11.12. Ansvar TN.**

Elektrisk tilkobling av UV3. **Ansvar AN/KH.**

**Uke 46-**
Mandag 12.11.12 kan riving startes opp. **Ansvar VA.**

Gjermund Jørgensen
iVest Consult AS
Byggeleder

**084/12 PROSJEKTREKNESKAP – SLUTTREKNESKAP OG SLUTTRAPPORT PROSJEKT NR 79507 – REHAB AVL - LEIDNINGAR**

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat
**Dato:** 29.11.2012.

| **Utval** | **Dato** | **Utv.- Saksnr.** | **Status** | **Vedtaks-organ** |
|---|---|---|---|---|
| Kontrollutvalet | 30.11.2012 | 084/12 | - | Nei |
| Formannskap | - | - | - | Nei |
| Bystyret | - | - | - | Ja |

**Saksvedlegg:**

- Revisjonsuttale frå KRYSS-revisjon datert 20.11.2012.
- Utskrift av rekneskap.
- Sak 020/12 i prosjektkomiteen datert 07.11.2012
- Førebels revisjonsuttale frå KRYSS-revisjon datert 05.10.2012.
- Diverse vedlegg.

**Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**
- Kommunelova .
- Økonomireglement for Flora kommune.

**Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

- Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding datert 20.11.2012.
- Under føresetnad av at prosjektet vert fullfinansiert i samsvar med regelverket har ikkje kontrollutvalet merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

**KONTROLLUTVALET SIN UTTALE TIL BYSTYRET :**

Saksutgreiing

**PROSJEKTREKNESKAP – SLUTTREKNESKAP OG SLUTTRAPPORT**
**PROSJEKT NR 79507 – REHAB AVL - LEIDNINGAR**
Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

**Innleiing – Kva saka gjeld**

Det ligg føre endeleg prosjektrekneskap og sluttrapport for prosjekt nr 79507 – Rehab avl - leidningar. Kontrollutvalet skal i saker som gjeld sluttrekneskap for investeringsprosjekt gje uttale til sluttrapporten og sluttrekneskapen.

**Saksopplysningar:**

Det vert vist til rekneskapen og sluttrapporten og det som elles ligg føre av dokument i saka.

Revisjonsuttalen er datert 20.11.2012.

Prosjektrekneskapen viser ein samla kostnad på kr. 2.291.374,84. Prosjektet er budsjettert med ei råme på kr. 2.200.502,- gjennom fleire vedtak. Prosjektet har såleis eit meirforbruk på kr. 90.872,43. Prosjektet er lånefinansiert med kr. 2.291.374,84.

Prosjektkomiteen har gjort vedtak om at meirforbruket vert finansiert via prosjekt 79546 Hovudplan Avløp.

Revisjonsuttalane stadfester taldelen i sluttrekneskapen.

Bystyret gjer vedtak i prosjektrekneskapssaker over kr. 500.000,-, jfr. delegasjonsreglement for Flora kommune. Bystyret gjer også endeleg vedtak med omsyn til kva måte meirforbruket skal dekkast inn.

**Sekretariatet sine vurderingar:**

Sekretariatet viser til rekneskapen, revisjonsuttale og det som elles ligg føre av dokument i saka. Vi vurderer det slik at kontrollutvalet bør uttale at rekneskapen kan godkjennast slik han ligg føre under føresetnad av at prosjektet vert fullfinasiert i samsvar med regelverket.

KRYSS REVISJON
KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

Dagleg leiar/ Revisjonssjef: Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27
terje.forde@kryssrevisjon.no
postmottak@kryssrevisjon.no
Bank: 3705.08.27845
Org. nr.: 987 608 064 MVA

Flora Bystyret
v/Ordførar
6900 Florø

| Dykkar ref.: | Vår ref.: | Arkivkode: | Journalnr.: | Dokumentdato: |
|---|---|---|---|---|
| | Kryss/flora/prosjektrek/2012/prosjekt79507 | 216M16 | 096/2012 | 20.11.2012 |

## REVISJONSUTTALE - SLUTTREKNESKAP OG SLUTTRAPPORT *PROSJEKT NR 79507 – REHAB AVL – LEIDNINGAR.*

Rekneskapen for ovannemnde *prosjekt nr 79507 – rehab AVL – leidningar* har vore førelagt kommunerevisjonen i Flora kommune for gjennomsyn og kontroll.

Vi har gjennomført dei kontrollhandlingar som samsvarar med "ISRS 4400 – Avtala kontrollhandlingar". Desse er opplista nedanfor. Handlingane er utført for å bistå Flora Bystyret i vurderinga av riktigheita av økonomien i *prosjekt nr 79507 – rehab AVL – leidningar.*

Vi vil oppsummere vårt arbeid slik:
Det ligg føre rapporteringsskjema for *prosjekt nr nr 79507 –rehab AVL – leidningar,* som viser ein total kostnad på kr 2 291 374,84. Godkjent budsjett for *prosjekt nr 79507 – Rehab AVL - leidningar* er jfr,- fleire Budsjettvedtak i tidsrommet 2005-2011 på kr 2 200 502,-. Prosjektet har såleis eit meirforbruk i høve budsjett på kr 90 872,43. Det ligg til Flora Bystyret å finn dekning for meirforbruket.

Prosjektkomiteen har gjett si tilråding i PRKO-020/12. Vi vil ikkje ha merknader til at Flora Kommune tiltrer vedtak frå Prosjektkomiteen i sak PRKO-020/12.

Vi stadfester med dette at vi bl.a. har gjennomført følgjande kontrollhandlingar:

- Om prosjektrekneskapen er underskriven på vegne av kommunen
- Beskrivinga av at prosjektrekneskapen samsvarar med politisk vedtak og budsjettføresetnader.
- utgifter og inntekter som er bokført på prosjektet vedkjem prosjektet og har "tilhørigheit" til dette
- at det er korrekt handsaming av regelverk kring moms og momskompensasjonsordningane (to adskilte regelregime)
- at prosjektrekneskapen er konsistent med taldelen i dei offisielle årsrekneskapane for Flora kommune, som den byggjer på
- at rekneskapsrapporteringane er i samsvar med Flora Bystyret sine vedtak. Jfr det som er nemnt i sluttrapporten.

Vi har stadfesta taldelen i sluttrapporteringa ved vår påteikning d 20.11.2012. jfr vår førebels revisjonsuttale d.05.10.2012

Våre revisjonshandlingar mot vedkommande prosjektrekneskap for *prosjekt nr 79507 – rehab AVL – leidningar* bli innstilt så snart Flora Bystyre sitt vedtak i saka er effektuert av økonomiavdelinga i Flora kommune.

Florø 20.11.2012

KRYSS REVISJON
KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

Trine Vokuhl
Kommunerevisor I

Vedlegg:
Utskrift av rekneskap
Sluttrapport
PRKO-020/12
Kopi Førebels revisjonsuttale 05.10.2012

Kopi:
Kontrollutvalet
Rådmannen
Økonomisjef

FLORA
KOMMUNE 15.11.12
092/2012
216 M 16
TV

| Saksgang | Møtedato | Saksnr |
|---|---|---|
| Prosjektkomiteen | 07.11.2012 | 020/12 |
| Kontrollutvalet | | |
| Formannskapet | | |
| Bystyret | | |

| Sakshandsamar: | Arkiv: K2-M30 | Arkivsaknr |
|---|---|---|
| Hanne Anette Flugre | Objekt: | 12/1571 |

# SLUTTRAPPORT - PROSJEKT 79507 - REHAB AVL-LEIDNINGAR

**Kva saka gjeld:**

Rehabilitering av AVL-leidningar

**FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

1. Sluttrapport og sluttrekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Meirforbruk på kr. 90 872,43 vert finansiert via prosjekt 79546 Hovudplan Avløp.

**07.11.2012 PROSJEKTKOMITEEN**

***Røysting:***
Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

**PRKO-020/12 VEDTAK:**

1. Sluttrapport og sluttrekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Meirforbruk på kr. 90 872,43 vert finansiert via prosjekt 79546 Hovudplan Avløp.

Terje Heggheim
Rådmann

Reidulf Refsnes
Tenesteleiar

KRYSS REVISJON
KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

Dagleg leiar/ Revisjonssjef: Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27
terje.forde@kryssrevisjon.no
postmottak@kryssrevisjon.no
Bank: 3705.08.27845
Org. nr.: 987 608 064 MVA

Arkivsak: 12/1571 - 2
Dato: 10 OKT 2012

Flora Kommune
Prosjektkomiteen
v/Reidulf Refsnes
6900 Florø

| Dykkar ref.: | Vår ref.: | Arkivkode: | Journalnr.: | Dokumentdato: |
|---|---|---|---|---|
| | Kryss/trine/flora/prosjekt/forebels75332 | 216M16 | 076/2012 | 05.10.2012 |

**FØREBELS REVISJONSUTTALE - SLUTTRAPPORT/ -REKNESKAP FOR *PROSJEKT 79507 – Rehab avl-ledingar***

Det ligg føre sluttrekneskap for ovannemnde prosjekt for perioden 2006-2010. d. 14.10.2011
Det ligg føre sluttrapport med evaluering av gjennomføring av prosjektet d.3.9.2012

Saka er oversendt revisjonen for førebels uttale, med vidare handsaming i Prosjektkomiteen.

Det ligg føre rapporteringsskjema for *prosjekt nr 79507 – Rehab AVL--leidningar* som viser ein total kostnad på kr 2 291 374,84. Godkjent budsjett for *prosjekt nr 79507 – Rehab AVL--leidningar* er jfr,- fleire Budsjettvedtak i tidsrommet 2005-2011 på kr 2 200 502,-. Prosjektet har såleis eit meirforbruk i høve budsjett på kr 90 872,43. Det ligg til Flora Bystyret å finn dekning for meirforbruket.

Vi har stadfesta taldelen i sluttrapporteringa ved vår påteikning i dag. Vi har ingen ytterlegare kommentarar til den sluttrekneskap som ligg føre.

Vi vil kome attende til endeleg revisjonsuttale så snart saka kjem attende frå Prosjektkomiteen, og deretter vil saka bli vidareført til kommunen sitt kontrollutval som vil avgje uttale i saka.

Vi tør be om at saka vert returnert til oss saman med særutskrift frå Prosjektkomiteen si handsaming, slik at vi kan føreta avsluttande revisjonshandlingar og utforme ei endeleg revisjonsuttalje til rekneskapssaka. Vi viser ellers til dokument som følgjer saka.

Florø den 05.10.2012
Med helsing

Trine Vøknes
Kommunerevisor I

Vedlegg:
Utskrift av rekneskap
Sluttrapport
Politiske vedtak i sak: prosjekt 79507

Kopi:
Rådmannen
Økonomisjef

**Byggerekheskap for: Rehab AVL-leidningar**
**Prosjekt nr. 79507**
**År: 2005 - 2009**

**Spesifikasjon utgifter / inntekter:**

| Kostnadsart: | År 2006 | År 2007 | År 2008 | År 2009 | År 2010 | Til saman: | Budsjett |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Utgifter: | | | | | | | |
| 230 Byggtenester | 37 346,80 | 185 700,00 | 704 134,00 | 514 732,20 | | 1 441 913,00 | |
| 250 Materialer til påkostning og nybygg | 112 246,00 | 13 043,20 | | 242 347,60 | | 367 636,80 | |
| 270 Konsulenttenester | 47 382,98 | 1 869,45 | 217 585,20 | | | 266 837,63 | |
| 290 Interne kostander | 115 792,80 | | 19 511,83 | -19 511,83 | 50 000,00 | 165 792,80 | |
| 500 Renter | 4 947,00 | 543,00 | 28 414,61 | 14 390,00 | 900,00 | 49 194,61 | |
| Sum utgifter | 317 715,58 | 201 155,65 | 969 645,64 | 751 957,97 | 50 900,00 | 2 291 374,84 | 2 200 502 |
| Inntekter: | | | | | | | |
| 700 Refusjon frå andre | | | | | | 0,00 | |
| 830 Overføring frå fylke | | | | | | | |
| Sum inntekter | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Netto utgift | 317 715,58 | 201 155,65 | 969 645,64 | 751 957,97 | 50 900,00 | 2 291 374,84 | 2 200 502 |
| Netto meirforbruk i høve til budsjett | | | | | | | -90 872,43 |

**Finansiering**

| År | Rekneskap Netto utgift | Finansiering Bundne fond | Likv.reserve | Lån |
|---|---|---|---|---|
| 2006 | 317 715,58 | | | 317 715,58 |
| 2007 | 201 155,65 | | | 201 155,65 |
| 2008 | 969 645,64 | | | 969 645,64 |
| 2009 | 751 957,97 | | | 751 957,97 |
| 2010 | 50 900,00 | | | 50 900,00 |
| Sum | 2 240 474,84 | - | - | 2 291 374,84 |
| Netto meirforbruk | | | | -90 872,43 |

| Løyvingar | | |
|---|---|---|
| Budsjett 2005 | Lån | 500 000 |
| Bystyresak 131/05, Bystyresak 012/06 | Lån | 2 000 000 |
| Bystyresak 129/06(omdisp frå 75211) | Lån | 38 000 |
| Budsjett 2007 | Lån | 1 500 000 |
| F-sak 073/07 omdsip til 75613 | Lån | -226 625 |
| Budsjett 2008 | Lån | 1 500 000 |
| Prko-19/08 | Lån | -1 100 000 |
| Prko-36/08 | Lån | -1 342 000 |
| B-sak 088/09 | Lån | -285 696 |
| Budsjett 2009 | Lån | 1 500 000 |
| Prko-040/08 | Lån | -2 000 000 |
| Bystyre 36/11 | Lån | 17 455 |
| Bystyre 37/11 | Lån | 99 369 |
| Sum | | 2 200 502 |

I tillegg Prko-sak 022/09 2 mill til 79550
Desse midlane er tekne frå 79546 istadenfor

FLORA KOMMUNE
Økonomiavdelinga, 14.10.2011

Linda Nipen Asphjell
økonomisjef

Ruth Svortevik Sunde
rekneskapsjef

Florø 5/10.12

| FLORA KOMMUNE | Mal | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | **Sluttrapport** | | | | | |
| | Dok. | nr. | rev. | Godkjent dato | Godkjent | Merknader |
| | M - | 003 | -01 | 01.01.05 | (sign.) | Til godkjenning |

| Prosjekt namn: Rehab AVL-leidningar | Nr: 79507 |
|---|---|

**Politiske vedtak**

| |
|---|
| Plan og Miljøutval/Plankomité: |
| Prosjektkomité: 19/08, 36/08, 040/08 |
| Formannskap: 073/07 |
| Bystyre: 131/05, 012/06, 129/06, 088/09, 36/11 og 37/11 |

**Historikk / Ettervurderingar:**

(Avvik og erfaringar i forhold til planer, framdrift, økonomi, kvalitet etc.) Ev. på eige vedlegg.

**Saka gjed:**
Rehabilitering av AVL-leidningar

**Innleiing:**
Under prosjekt 79507 Rehab AVL-leidningar er følgjande tiltak utført:

- Rehabilitering i Evjegata.
- Rehabilitering hovudkloakk ved Statoil.
- Estruder for sveising av plastleidningar.
- Kartlegging av private leidningar i Brandsøy
- Prosjektering avløpsanlegg Strandavegen / Fugleskjærkala.
- Rehabilitering kommunal avløpsleidning ved Origod på Digreneset.
- Kommunal avløpsleidning Brandsøy. Utlegging av stikk.
- Pumpeleidning Fugleskjærkala – Silanlegg Stranda.
- Avløpspumpestasjon, 1 stk. på Fimlandsmarka og 3 stk. på Nesjane. (Kostnadar ved tilknyting til driftskontrollanlegg.)
- Ny spillvassleidning og overvassleidning i Nordnesvegen.
- Rehabilitering av avløpsleidning ved Åsgården.
- Planlegging og etablering av måling driftsoverløp i Florø sentrum.

**Økonomi:**
Prosjektet hadde eit budsjett på kr.2 200 502,-. Den totale kostnaden på prosjektet vart kr.2 291 374,84.
Prosjektet hadde såleis eit meirforbruk på kr.90 872,43.





**Økonomi:**

| | | |
|---|---|---|
| Vedtatt ramme: | Kr.2 200 502,- | Bystyre sak |
| Kalkyle etter anbodsrunde: | | |
| Eventuelt justert ramme: | | Bystyre sak: |
| Endelige tot. Kostnader: | Kr.2 291 374,84 | |
| Avvik (- +) | -kr.90 872,84 | |
| Eventuell Oppfinansiering: | | Bystyre sak: |

| | |
|---|---|
| Dato: 03.09.2012 | Dato: 03.09.2012 |
| Sign: Rune Kristiansen<br>Avdelingsledar | Sign: [signature]<br>Prosjektledar |

Vedlegg: Rapport – Ettervurdering/Evaluering av prosjekt.(Se egen mal M-004)

| | Regnskap 2006 | Buds(end) 2006 | Regnskap 2007 | Buds(end) 2007 | Regnskap 2008 | Buds(end) 2008 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prosjekt: 79507 F3/05 Rehab AVL-leidningar** | | | | | | |
| 32301 BYGGETENESTER | 37.346,80 | 0 | 185.700,00 | 0 | 704.134,00 | 0 |
| 32310 TOTALENTREPRISE | 0,00 | 2.038.000 | 0,00 | -1.500.000 | 0,00 | -1.227.696 |
| 32501 MATERIALER TIL VEDLIKEHALD | 112.246,00 | 0 | 13.043,20 | 0 | 0,00 | 0 |
| 32701 KONSULENTTENESTER | 47.382,98 | 0 | 1.869,45 | 0 | 217.585,20 | 0 |
| 32901 INTERNE OVERFØRINGAR, INTERNKJØP | 115.792,80 | 0 | 0,00 | 0 | 19.511,83 | 0 |
| 35002 BYGGELÅNSRENTER | 4.947,00 | 0 | 543,00 | 0 | 28.414,61 | 0 |
| **Sum utgifter** | **317.715,58** | **2.038.000** | **201.155,65** | **1.500.000** | **969.645,64** | **-1.227.696** |
| 39101 BRUK AV LÅN | -317.715,58 | -2.038.000 | -201.155,65 | -1.500.000 | -969.645,64 | 1.227.696 |
| **Sum inntekter** | **-317.715,58** | **-2.038.000** | **-201.155,65** | **-1.500.000** | **-969.645,64** | **1.227.696** |
| **Sum prosjekt: 79507 F3/05 Rehab AVL-leidningar** | **0,00** | **0** | **0,00** | **0** | **0,00** | **0** |
| **TOTALT** | **0,00** | **0** | **0,00** | **0** | **0,00** | **0** |





| | Regnskap 2009 | Buds(end) 2009 | Regnskap 2010 | Buds(end) 2010 | Regnskap 2011 | Buds(end) 2011 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prosjekt: 79507 F3/05 Rehab AVL-leidningar** | | | | | | |
| 32301 BYGGETENESTER | 514.732,20 | 0 | 0,00 | 0 | 0,00 | 0 |
| 32310 TOTALENTREPRISE | 0,00 | -726.625 | 0,00 | 0 | 0,00 | 116.823 |
| 32501 MATERIALER TIL VEDLIKEHALD | 242.347,60 | 0 | 0,00 | 0 | 0,00 | 0 |
| 32901 INTERNE OVERFØRINGAR, INTERNKJØP | -19.511,83 | 0 | 50.000,00 | 0 | 0,00 | 0 |
| 35002 BYGGELÅNSRENTER | 14.390,00 | 0 | 900,00 | 0 | 0,00 | 0 |
| **Sum utgifter** | **751.957,97** | **-726.625** | **50.900,00** | **0** | **0,00** | **116.823** |
| 39101 BRUK AV LÅN | -751.957,97 | 726.625 | -50.900,00 | 0 | 0,00 | -116.823 |
| **Sum inntekter** | **-751.957,97** | **726.625** | **-50.900,00** | **0** | **0,00** | **-116.823** |
| **Sum prosjekt: 79507 F3/05 Rehab AVL-leidningar** | **0,00** | **0** | **0,00** | **0** | **0,00** | **0** |
| **TOTALT** | **0,00** | **0** | **0,00** | **0** | **0,00** | **0** |

1 FLORA KOMMUNE (2011) - År/Periode 2011 1 - 98 | | | | | | 28.09.2011

| | Regnskap 2003 | Buds(end) 2003 | Regnskap 2004 | Buds(end) 2004 | Regnskap 2005 | Buds(end) 2005 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prosjekt: 79507 F3/05 Rehab AVL-leidningar** | | | | | | |
| 32310 TOTALENTREPRISE | 0,00 | 0 | 0,00 | 0 | 0,00 | 500.000 |
| **Sum utgifter** | **0,00** | **0** | **0,00** | **0** | **0,00** | **500.000** |
| 39101 BRUK AV LÅN | 0,00 | 0 | 0,00 | 0 | 0,00 | -500.000 |
| **Sum inntekter** | **0,00** | **0** | **0,00** | **0** | **0,00** | **-500.000** |
| **Sum prosjekt: 79507 F3/05 Rehab AVL-leidningar** | **0,00** | **0** | **0,00** | **0** | **0,00** | **0** |
| **TOTALT** | **0,00** | **0** | **0,00** | **0** | **0,00** | **0** |